

Arent Wiken

Sjånesvegen 3

5947 FEDJE

den 29. desember 2020

Fedje kommune

Teknisk sjef Øyvind Tolleshaug

5947 Fedje

MERKNADER NABOVARSEL FLYTEBRYGGE      Sak: 19/349 – 20/6401

Vi viser til tidlegare sakstilfang og har følgjande merknader:

Det omsøkte tiltaket hindrar oss i å nytta vår tinglyste rett til å fortøya ein inntil 50 fots båt midt på innsida av den opprinnelige fergjekaien.

Bergen og omland Havnevesen seier i sitt vedtak av 6. oktober 2014 på søknad om å leggja ut flytebryggje:

«*Tiltaket eller bruken av dette må ikkje hindre tilfrott til eller annen utnyttelse av naboeiendommer».*

Det omsøkte tiltaket strider mot ovannemnde vedtak.

Fylkesmannen peikar i sitt vedtak i saka datert 18.05.20

«*Tilflottsretten er en viktig del av den ulovfestede strandretten.» Kommunen skal ta hensyn til naboulempar.»...» Hindringer for ferdsel til sjøs og tilgjengeligheten for naboeiendommer er saklige hensyn i vurderingen som skal gjøres etter Pbl § 29-4 om plassering av tiltak i sjø.»*

Jorunn Nygård har i sitt tilsvarende tidlegare i denne saka sagt:

«*Når det ligger fremmede båter fortøyd til ferjepir vil de muligens skape problemer for tilkomst til 168/28.»*

I saksutgreiinga er det tidlegare kommentert frå Fedje kommune :

«*På biletet ligg ein arbeidsbåt. Denne hindrar retten Wiken har.»*

Vi kan ikkje sjå at den nye skissa over forankring av flytebryggja, viser mål over kor langt inn mot ferjekaien forankringa strekkjer seg eller hvor djupt forankringa vil ligge i alle værforhold.

Bileta vi tidlegare har lagt ved saka, illustrerer kor trangt det er mellom arbeidsbåt fortøydd på innsida av fergjekaien og den omsøkte flytebryggja. Forankringa av flytebryggja og båt fortøydd i denne, innsnevrar dette området ytterlegare og hindrar tilflott for ein større båt.

Vi står fast på våre tidlegare merkander og kan ikkje godta det omsøkte tiltaket.

Helsing

Arent Wiken